

Vakker hage i Korsnes.

01.06.2017



Nydeleg og fargerikt inn mot huset!

Fine forsommardagar er oppmuntrande! Vakre hagar gjer desse dagane ekstra gode. Slike finn vi rundt i bygda, og vi i Korsnes har ein sjelan fin og velstelt hage i nabolaget. Derfor tok eg meg ein tur dit med mobiltelefonen og knipsa nokre bilde i går. Fargane lyste vakkert mot meg i alle mogelege variantar!

Eigaren ville nok helst ikkje at namnet hennar skulle trekkjast fram, men dei fleste ser nok at det er frå den nydelege hagen til Gudrun Eidsvik. Ho elsker hagen sin, og flittig som ho er brukar ho mykje tid der. Resultatet kjem ikkje utan innsats sjølv om Gudrun har grønare fingrar enn dei fleste! Nyt det!!









Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland